

01.05.2023

Code of Conduct

Etiske retningslinjer i Sulefisk

Etisk standard i Sulefisk

Innleiing

Sulefisk sin visjon er å produsere matfisk av verdiskvalitet og bidra til lokal verdiskaping i lokalsamfunnet vi er ein del av. Igjennom våre strategiar, prioriteringar, investeringar og drift har vi ansvar både for fisk, folk og klode. Dette legg også grunnlaget for korleis vi forhold oss til omverda.

Vi tar ansvar gjennom viktige grunnverdiar som integritet, ansvar, openheit og stoltheit. Desse grunnverdiane er også er utgangspunktet for forventingar, forpliktingar og krav til ansvarleg åtferd for selskapet sine styremedlemmar, tilsette, tillitsvalde, verneombod, innleigde eller konsulentar.

Akvakulturbransjen i Noreg er i historisk perspektiv ein ung bransje. Likevel har ein opplevd, og vil også i framtida oppleve, ei formidabel og rask utvikling. Mykje har endra seg i selskapet sidan oppstarten i 1984, både med omsyn til metodar, utstyr og organisasjon. Vi skal ta del i vidare utvikling og måten å gjere dette på er å halde fast i dei grunnverdiane selskapet vårt er tufta på.

Å opptre på ein etisk og ansvarleg måte forpliktar og stiller krav, uavhengig av kva rolle eller stilling ein innehar. Det er summen av handlingane våre, alle dei små og store vala vi gjer i kvardagen, som utgjer den etiske standarden i Sulefisk. For å gjere det enklare for kvar enkelt av oss å handle korrekt har vi utarbeida ein etisk standard, også kjent som Code of Conduct, som inneheld etiske retningslinjer for korleis vi skal utøve ansvarleg åtferd.

Desse prinsippa ligg også til grunn for våre forventingar til våre leverandørar og samarbeidspartnarar. Vi forventar at også desse set seg inn i og følg Sulefisk sin etiske standard.

Michael Niesar
Dagleg leiar
Sulefisk AS

Innhold

Etisk standard i Sulefisk	1
Innleiing	1
Våre etiske grunnprinsipp	3
Slik gjer vi det i Sulefisk	3
Krav og retningslinjer	3
Vårt ansvar	3
Spørsmål og bekymringsmeldingar	4
Brot på retningslinjene	4
Rettferdige forhold for tilsette	4
Krav	4
Arbeidsforhold	4
Personvern	4
Ytringsfridom og fridom til organisering	4
Arbeidstid og lønn	4
Ansvarleg forretningsåttferd	5
Forpliktingar	5
Anti-korrupsjon og økonomisk kriminalitet	5
Handelsrestriksjonar og sanksjonar	5
Samfunn og berekraft	5
Økonomisk berekraft	5
Miljømessig berekraft	5
Sosial berekraft	5
Vårt ansvar – i fellesskap	6
Samarbeid	6
Sertifiseringar	6

Våre etiske grunnprinsipp

I Sulefisk skal alle vere stolte av den aktiviteten dei bidrar til både internt i selskapet, andre delar av verdikjeda og samfunnet vi er ein del av.

Gjennom å opptre etisk og ansvarleg, får vi tillit frå medarbeidarar, eigarar, samarbeidspartnarar og samfunnet generelt. I tillegg gjer det oss rusta til å møte forventingar frå kundar, forbrukarar, lokalsamfunn og myndigheiter. Gjennom høge etiske krav både til oss sjølve og våre samarbeidspartnarar vil vi også kunne bidra til ei respekt for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i forbindelse med produksjon og levering av tenester.

Sulefisk skal vere eit selskap som gjer seg fortent til tillit – kvar dag. Vi skal vise integritet gjennom å vere opne, ærlege og sannferdige med ein høg etisk standard.

Mangfald er ein styrke og alle skal ha like moglegheiter. Vi skal behandle alle vi møter med respekt og jobbe for å ha eit ope og inkluderande arbeidsmiljø. Alle som arbeider i Sulefisk skal oppleve arbeidsglede, meistring og tryggleik i kvardagen sin.

Vi tar ansvar gjennom å følgje lover, reglar og interne prosedyrar som gjeld arbeidet vårt. Oppdagar vi kritikkverdige forhold, anten gjennom brot på verksemda sin etiske standard eller gjeldande lovgjeving seier vi ifrå. Å komme med forbettringsforslag eller melde inn avvik bidrar til at vi blir ein open og lærande organisasjon.

Desse etiske grunnprinsippa ligg til grunn i vårt daglege arbeid og selskapets organisering, strategiar og prioriteringar.

Slik gjer vi det i Sulefisk

Krav og retningslinjer

Sulefisk føl gjeldande lover og reglar og opptre på ein måte som samsvarar med FN sine vegleiane prinsipp for næringsliv og menneskerettar, samt FN sin Global Compact sine ti prinsipp knytt til menneskerettar, arbeidslivsstandardar, miljø og anti-korrupsjon. Sulefisk jobbar også aktivt opp mot FN sine berekraftsmål.

Retningslinjene skildrar forventingar, forplikningar og krav til ansvarleg åtferd for Sulefisk sine styremedlemmar, tilsette og innleigd personell. Leverandørar og samarbeidspartnarar skal gjere seg kjent med retningslinjene og fordre å imøtekomme desse i dei områda dei vert omfatta av desse.

Sist oppdaterte retningslinjer skal til ei kvar tid vere tilgjengeleg på våre nettsider.

Vårt ansvar

Alle som representerer Sulefisk skal halde høg standard. Den enkelte er sjølv ansvarleg for å følgje verksemda sine retningslinjer for ansvarleg åtferd, følgje gjeldande lover og reglar, samt følgje andre styrande dokument for Sulefisk.

Den enkelte har ansvar for å gjere seg kjent med verksemda sine styrande dokument og retningslinjer. Desse retningslinjene gjev ikkje svar på korleis ein skal handtere ein kvar tvilsam situasjon. Ein må sjølv utøve god dømmekraft og la seg leie av eigen samvittigheit, men kan også gjennom kollegaer og leiarar i selskapet søkje råd og hjelp i tvilsame situasjonar.

Spørsmål og bekymringsmeldingar

Spørsmål, bekymringar eller moglege brot på retningslinjer for ansvarleg åtferd kan rettast til den personen som den enkelte er mest komfortabel med å vende seg til. Dersom ein situasjon vert opplevd som feil eller urettferdig, skal ein ikkje ignorere denne kjensla, men opent søkje hjelp og vegleiing frå ein overordna eller andre.

Varsling av kritikkverdige forhold er også skildra i Sulefisk sitt kvalitetssystem der det er etablert eiga rutine for avvikshandtering som også inkluderer varsling.

Brot på retningslinjene

Brot på våre retningslinjer for ansvarleg åtferd vil verte følgt opp med sanksjonar.

Rettferdige forhold for tilsette

Krav

Sulefisk er opptatt av menneskerettar og rettferdige forhold for både egne tilsette og for tilsette hjå våre leverandørarar og samarbeidspartnarar. Vi forventar det same av våre forretningspartnarar og krev derfor at desse følg internasjonalt anerkjente menneskerettar og sørgjer for anstendige arbeidsforhold både hjå seg sjølv og deira underleverandørar.

Sulefisk skal unngå å ha ei negativ innverking på andre sine menneskerettar. Vi skal arbeide for å handtere situasjonar der drifta vår kan ha ei negativ påverking på ein mest mogleg korrekt måte.

Arbeidsforhold

Helse, miljø og sikkerheit har hovudprioritet i alle aktivitetane til Sulefisk. Sulefisk følg lover, reguleringar og internasjonale krav innafor sikkerheit og helse. Vi arbeider kontinuerlig for å minimere risiko for ulykker og skader på arbeidsplassen.

Vi bryr oss også om HMS-standarden til våre forretningspartnarar og krev derfor at også desse skal følgje internasjonalt anerkjente menneskerettsstandardar og sørgje for anstendige arbeidsforhold, både internt i eiga verksemd og hjå sine underleverandørar.

Det skal takast avstand frå tvangsarbeid, slavearbeid, menneskehandel eller ufrivillig arbeide. All fysisk mishandling eller trussel om det er forbode. Det gjeld også seksuelt eller anna misbruk og forskjellige former for audmjuking. All aktivitet skal utførast utan nokon form for diskriminering basert på rase, etnisitet, nasjonalitet, alder, kjønn, seksuell legning, språk eller religion.

Personvern

Sulefisk respekterer privatlivet og handterer personlege opplysningar på ein ansvarleg måte i samsvar med gjeldande personvernlover.

Ytringsfridom og fridom til organisering

Sulefisk respekterer ytringsfridom og retten til å organisering.

Arbeidstid og lønn

Arbeidstid og lønn skal vere i tråd med gjeldande lovgjeving, samt samsvare med gjeldande internasjonale konvensjonar. Arbeidstakarrettar skal ivaretakast.

Ansvarleg forretningsåtfærd

Forpliktingar

Det er viktig for Sulefisk at all samhandling mellom oss og våre forretningsforbindelsar er ryddige og transparente. Det er også viktig for oss at våre forretningspartnarar har ein høg etisk standard og opptrer i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Sulefisk forventar medverknad og openheit i oppfølginga vår av forretningsforbindelsar, og reknar med leverandørane si deltaking i oppfølging av eventuelle brot på lovar og reglar, vår etiske standard og avtalevilkår

Anti-korrupsjon og økonomisk kriminalitet

I Sulefisk er vi opptekne av god forretnings-skikk. Dette inneber at vi alltid skal opptre etisk og ansvarleg. På same tid vi forventar vi at leverandørane våre også tek avstand frå uærlige eller korruperte forretningsaktivitetar. Der er null-toleranse for alle former for korrupsjon, bestikkingar av offentlege tenestepersonar, kvitvasking av pengar frå kriminell verksemd. Fri og rettfærdig konkurranse skal støttast gjennom forbod mot avtalar eller oppførsel som avgrensar rettfærdig konkurranse.

Handelsrestriksjonar og sanksjonar

Sulefisk rettar seg etter alle relevante reglar om sanksjonar og eksport-/importkontroll. Vi inngår ikkje kontraktar med staten, selskap, enkeltpersonar, produkt og tenester som er gjenstand for sanksjonar.

Samfunn og berekraft

Sulefisk har som mål å vere ein aktiv støttespelar i vårt lokalsamfunn. Gjennom arbeidsplassar, investeringar, sponsorarbeid og tilrettelegging for aktivitet og arrangement bidrar vi til lokal utvikling og levande lokalsamfunn.

Økonomisk berekraft

Sulefisk arbeider kontinuerleg for forbetring og utvikling av våre aktivitetar. Det handlar om å effektivisere måten vi gjer innkjøpa våre og å ha fokus på kostnadseffektivisering som bidrar til økt verdiskaping med lik eller mindre bruk av resursar. Verksemda vår må vere lønsam for at vi skal ha moglegheit å levere på andre berekraftsmål vi strekk oss etter.

Miljømessig berekraft

Sulefisk støttar føre-var-prinsippet for miljøutfordringar og kartlegg systematisk korleis verksemda vår påverkar miljøet. Vi arbeider stadig for lågare miljøavtrykk og ynskjer same praksis hos våre forretningspartnarar.

Sosial berekraft

Sosial berekraft handlar om arbeidet vårt for menneskerettar og å vere opne om dette arbeidet.

I arbeidet med sosial berekraft arbeider vi særskilt inn mot FN sine berekraftsmål nr 5, 8, 9, 10, 12, 13, 14 og 17.



Vårt ansvar – i fellesskap

Samarbeid

Samarbeid er eit viktig verkemiddel i arbeidet med menneskerettar og rettferdige forhold. Sulefisk er medeigar i mellom anna Salmon Group, eit nettverk for små og mellomstore oppdrettarar i Noreg. Gjennom fellesskapet i Salmon Group arbeider vi for å etterleve regelverk, følgje opp berekraftsmål og ivareta høg etisk standard i heile verdikjeda, med særleg fokus på menneskerettar.

Som medeigar i Salmon Group realiserer Sulefisk stordriftsfordelar gjennom felles innkjøpsavtalar for selskapa i gruppa. Igjennom sitt mandat har Salmon Group eit særleg ansvar for å framforhandle avtalar med leverandørarar og samarbeidspartnarar i samsvar med retningslinjene for ansvarleg forretningsåtfærd gjennom innkjøp.

Sertifiseringar

Sulefisk er Global GAP sertifisert. Dette er ein internasjonal standard som omfattar alle ledd i produksjonen og tek i vare matvaresikkerheit, miljøpåverking, dyrevelferd og arbeidarane si helse og sikkerheit, både internt i eiga verksemd og hjå våre underleverandørar.

GRASP (Risk Assessment on Social Practice) er ein eigen del av denne sertifiseringa. GRASP-delen er eit eige sosialt aspekt av standaren og sikrar at verksemda lever opp til International Labour Organization (ILO) sine kjernekonvensjonar for menneskerettar. Etterleving av prosedyrar vert sjekka under ekstern Global GAP revisjon.